

Fiskeriminister Helga Pedersen
Postboks 8118 Dep

0032 OSLO

Vår ref.
06/00001-027/POLHAN

Arkivkode.

Dykkar ref.

Dato.
11.10.2006

NOU 2006/16 - STRUKTURERINGSVIRKEMIDLER I FISKEFLÅTEN

Austevoll kommunestyre viser til NOU 2006/16 og vil koma med innspel til Fiskeridepartementet si handsaming av utgreiinga.

Austevoll kommune er ein kommune som er sterkt knyt til fiskerinæringa og såleis avhengig av den politikken som til ei kvar tid vert ført.

Når det gjeld utgreiinga ynskjer Austevoll kommune å gje slik uttale:

- Tidsavgrensa kvotar bør oppretthaldast. Grunngevinga er at dette er ei svært vanskeleg avvening mellom det å gje aktørane langsiktige stabile rammevilkår og ei tidsavgrensing der kvotane kan refordelast på nytt. Særlig punktet om at tidsavgrensing skal ha tilbakeverkande kraft verkar uheldig ut fra de forutsetningar dei som har strukturert seg ble stilt i utsikt. Soria-Moriaerklæringen slår fast at vi skal ha ei flåte som er moderne, variert og lønsam. Austevoll meiner eit av hovudpunkt då må vera at fiskeria får stabile forutsigbare rammer.

Med venleg helsing

Helge Andre Njåstad
ordfører